No blømer solblomen i Uskedalen. 10.06.2016

Solblomen, vakker og sjeldan!

Solblom (Arnica montana)blømer no på sitt finaste ein stad på Kjærland. Denne vakre, solgule korgplanten er eit sjeldan syn, og etter det vi kjenner til er Kjærland einaste staden den er observert her hos oss dei seinare åra. Solblom står også på den nasjonale raudlista over utryddingstrua planter.

Solblom trivst på ugjødsla beitemark og mykje av tilbakegongen dei siste tiåra skuldast gjengroing og bruk av kunstgjødsel. Vi kjenner til at den vaks fleire stader i Uskedalen tidlegare. For om lag 40 år sidan vaks den også på Døsslandssido, ved 'parkeringsplassen' like nedanfor der Harald Raudstein budde. I 1979 reistrerte botanikarar den i Friheim.

Sjølv om planten er svært sjeldan, har Ståle Eik funne fram til at den har svært mange namn.
På Romerrike vert den framleis kalla gul prestekrage, og i Agder bruker eldre slåttekarar namna hestablom og tobakksblom. I Blytt sin flora vart den kalla både solblom og jonsokblom. Andre nemner mange gamle lokale navn som slåttmann, slåtteblom, nyseblomst, hestafivel, sankthansblom, stokksvæve, tobakksrose, tobakksoleie, snusblad, ølkong og fyllegras.

Svenskane kalla planten Slåttergubbe, og dei sa: 'Når slåttergubben kommer med piga og dreng, då er tid før bonden att berga sin eng.'
Har vi starte slåtten for tidleg? Den manglar enten piga eller drengen, skriv Ståle Eik som har sendt oss bileta.

Sjeldan plante med mange namn

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ståle Eik